Kravspesifikasjon

Vintervedlikehald på kommunale vegar

1. Oppdraget og overordna ansvar

Oppdraget omfattar vintervedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, fortau og parkeringsareal som inngår i den eller dei rodane leverandøren får tildelt. Vintervedlikehaldet omfattar i hovudsak snøbrøyting og strøying.

Leverandøren har ansvar for at vintervedlikehaldet blir utført i samsvar med krava i kontrakten og kravspesifikasjonen. Leverandøren skal sjølv følgja med på vêr- og føreforhold på tildelt rode og setja i gang brøyting og strøying når vilkåra i kravspesifikasjonen er oppfylte.

Arbeidet skal planleggjast og gjennomførast slik at vegnettet så langt som mogleg er trygt og framkomeleg for trafikantane gjennom vintersesongen. Leverandøren skal ta omsyn til at enkelte vegar og område er særleg viktige for framkomst til mellom anna skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester, brannstasjonar og andre samfunnsviktige funksjonar.

Leverandøren er ansvarleg for å organisera oppdraget slik at krava til kvalitet og gjennomføring kan oppfyllast gjennom heile kontraktsperioden.

2. Kjennskap til roda og vegnettet

Leverandøren skal gjera seg godt kjend med den eller dei rodane det blir gitt tilbod på, og med dei forholda som kan ha betydning for gjennomføringa av vintervedlikehaldet.

Dette omfattar mellom anna vegstandard, vegbreidde, dekke, stigningsforhold, snuplassar, fortau, gang- og sykkelvegar og andre lokale forhold som kan påverka brøyting og strøying.

Nærare oversikt over vegane som inngår i dei enkelte rodane går fram av vedlegg 04 - Vegnett og roder.

Leverandøren har sjølv ansvar for å skaffa seg nødvendig kjennskap til roda før tilbod blir levert. Etter kontraktsinngåing kan leverandøren ikkje gjera gjeldande forhold som han kjende til, eller burde ha gjort seg kjend med, før tilbodet blei levert.

3. Beredskap, personell, maskiner og reservekapasitet

Leverandøren skal gjennom heile vintersesongen ha nødvendig beredskap til å utføra vintervedlikehaldet på tildelt rode i samsvar med krava i kontrakten. Arbeid må kunna utførast heile døgnet når vêr- og føreforhold gjer dette nødvendig.

Leverandøren er ansvarleg for å ha tilstrekkeleg personell, maskiner og utstyr tilgjengeleg til å gjennomføra oppdraget. Maskiner og utstyr skal vera eigna for den aktuelle roda og dei oppgåvene som skal utførast.

Med mindre anna er avtalt, skal leverandøren utføra oppdraget med eige eller disponibelt utstyr, herunder nødvendig plogmateriell, strøutstyr og anna utstyr som er nødvendig for å oppfylla krava i kontrakten.

Leverandøren skal ha tilfredsstillande reservekapasitet ved maskinhavari, sjukdom eller andre forhold som kan påverka evna til å utføra oppdraget. Slike forhold fritar ikkje leverandøren frå ansvaret for å oppfylla kontrakten.

Køyretøy og maskiner som blir nytta i oppdraget skal vera lovlege og forskriftsmessig utstyrte. Nødvendige godkjenningar, sertifiseringar og forsikringar skal vera gyldige gjennom heile kontraktsperioden.

Leverandøren og dei sjåførane som utfører oppdraget skal kunna kontaktast på telefon under utføring av arbeidet og når dei inngår i beredskapen.

Leverandøren skal før oppstart fylla ut vedlegg 07 – Kontakt- og sjåføropplysningar. Vedlegget skal også nyttast dersom det kjem til nye sjåførar eller det skjer endringar i opplysningane gjennom kontraktsperioden.

Nye sjåførar skal meldast til Etne kommune i god tid før dei tek til med arbeid under kontrakten, slik at kommunen kan registrera sjåføren og etablera nødvendig tilgang i Bromlogger.

3.1 Bruk av underleverandørar

Leverandøren kan nytta underleverandørar ved gjennomføringa av oppdraget. Leverandøren er fullt ansvarleg overfor Etne kommune for arbeid som blir utført av underleverandørar, på same måte som for arbeid leverandøren utfører sjølv.

Leverandøren skal sørgja for at underleverandørar som blir nytta i oppdraget oppfyller relevante krav i kontrakten.

Etne kommune skal haldast orientert om kva underleverandørar som blir nytta i oppdraget. Endringar i bruk av underleverandørar gjennom kontraktsperioden er tillatne.

Leverandøren er ansvarleg for at bruk av underleverandørar ikkje påverkar krava til beredskap, kapasitet eller kvalitet på leveransen.

3.2 Kompetanse gjennom kontraktsperioden

Leverandøren skal gjennom kontraktsperioden oppretthalda eit nivå på relevant operativ erfaring og kompetanse som minst svarar til det som blei lagt til grunn ved evalueringa av tilbodet.

Endringar i personell, bruk av underleverandørar eller organisering av oppdraget skal ikkje medføra ein vesentleg reduksjon i den operative kompetansen som ligg til grunn for leveransen.

4 Brøyting

Leverandøren skal sjølv følgja med på vêr- og snøforhold på tildelt rode og setja i gang brøyting når vilkåra i dette punktet er oppfylte.
Brøyting av veg skal setjast i gang når snødjupna er 5 cm.

Ved snøvêr om natta skal vegane vera gjennombrøytte innan kl. 07.00. Utbrøyting til full vegbreidde, inkludert busslommer og andre areal som inngår i roda, skal utførast så snart som mogleg etter gjennombrøyting.

Brøytinga skal utførast slik at vegen er framkomeleg for køyretøy som er normalt utstyrte for vinterkøyring. Det skal takast særleg omsyn til framkomst til skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester, brannstasjonar og andre samfunnsviktige funksjonar.

4.1 Prioritering ved ekstreme vêrforhold

Ved ekstreme eller særleg krevjande vêrforhold, der det ikkje er mogleg å oppfylla alle krava innan dei fastsette tidspunkta, skal arbeidet prioriterast slik at framkomst og tryggleik til samfunnsviktige funksjonar og område med mykje ferdsel blir ivareteke først. Det skal mellom anna takast omsyn til framkomst til helse- og omsorgstenester, brannstasjonar, skular og barnehagar.

Kommunale vegar skal som hovudregel sikrast nødvendig framkomst før mindre trafikkerte gang- og sykkelvegar og fortau, men prioriteringa skal tilpassast dei konkrete forholda og behovet for trygg ferdsel. Leverandøren skal i slike situasjonar avklara prioriteringa med vakthavande hos Drift og vedlikehald i Etne kommune.

5 Strøying

Leverandøren skal sjølv følgja med på føreforholda på tildelt rode og setja i gang strøying når det er nødvendig for å sikra tilfredsstillande veggrep og framkomst.

Det skal strøast når friksjonsforholda er slik at køyretøy som er normalt utstyrte for vinterkøyring, ikkje kan ferdast på ein tilfredsstillande måte. Det skal særleg vurderast behov for strøying i bakkar og andre område der glatte forhold kan skapa utfordringar for framkomsten.

Strøying skal utførast slik at det blir oppnådd tilstrekkeleg veggrep for trafikantane.

Strømiddel som blir nytta i oppdraget skal vera grus 2–5 mm utan salt og utan finstoff.

5.1 Henting av strømiddel

Etne kommune har inngått avtale om levering av strømiddel med Brødrene Flatebø AS. Hentestad er Nedre Austrheim, 5590 Etne.

Før henting av strømiddel skal leverandøren varsla Brødrene Flatebø AS på SMS til telefon 416 50 350, eller anna kontaktinformasjon som Etne kommune seinare opplyser om.

Lagerplassen er etter kommunen sin avtale om levering av strømiddel tilgjengeleg for køyretøy nytta av kommunen sine kontraherte entreprenørar i samband med vinterdrift.

Leverandøren av vintervedlikehaldet er sjølv ansvarleg for å organisera henting av nødvendig strømiddel og for å følgja dei rutinane som gjeld ved hentestaden. Leverandøren skal organisera henting slik at krava til strøying og beredskap i kontrakten kan oppfyllast.

Forhold knytte til leverandøren si organisering av henting fritar ikkje leverandøren frå krava til strøying etter kontrakten.

6 Gang- og sykkelvegar, fortau og særskilde område

Gang- og sykkelvegar og fortau som inngår i tildelt rode skal haldast framkomelege og sikre for gåande og syklande gjennom vintersesongen.

Brøyting skal setjast i gang når snødjupna er 5 cm. Ved snøvêr om natta skal gang- og sykkelvegar og fortau vera gjennombrøytte innan kl. 07.00.

Strøying skal utførast når føreforholda gjer dette nødvendig for å oppnå tilfredsstillande veggrep og trygg ferdsel.

Leverandøren skal ta særleg omsyn til område med mykje ferdsel, mellom anna ved skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester og andre sentrale kommunale funksjonar.

Eventuelle særskilde krav til enkeltområde eller delar av ei rode går fram av vedlegg 04 – Vegnett og roder.

7 Bromlogger – registrering og dokumentasjon

Etne kommune vil i denne kontrakten nytta det digitale sporings- og registreringsverktøyet Bromlogger for dokumentasjon og oppfølging av vintervedlikehaldet.

Leverandøren skal nytta Bromlogger ved utføring av brøyting, strøying og rekognosering. Sjåføren skal sjølv starta og stoppa registreringa i samband med utføringa av oppdraget og velja rett aktivitet i systemet.

Sjåføren får tilgang til tildelte roder i Bromlogger. Leverandøren er ansvarleg for at utført arbeid blir registrert på rett rode og med rett aktivitet.

Bromlogger registrerer aktiviteten i kart og gir mellom anna informasjon om kvar registrert aktivitet er utført, kva aktivitet som er utført, tidsbruk og køyrelengd.

Registreringane i Bromlogger skal nyttast som dokumentasjon på utført arbeid og vil inngå som grunnlag for kommunen si kontraktsoppfølging og kontroll av fakturering.

Ved mellombels bortfall av mobildekning skal Bromlogger framleis nyttast. Registreringane blir lagra lokalt på telefonen og blir sende til systemet når mobildekning er etablert igjen.

Etne kommune sørgjer for nødvendig tilgang til systemet og vil organisera nødvendig opplæring i bruk av Bromlogger før oppstart av kontrakten.

Leverandøren er ansvarleg for å ha eigna mobiltelefon eller anna eigna brukarutstyr tilgjengeleg for bruk av Bromlogger under utføring av oppdraget.

Alle personar som skal utføra arbeid under kontrakten, også sjåførar som blir nytta gjennom underleverandørar, skal vera registrerte som brukarar i Bromlogger før dei tek til med arbeidet. Kvar sjåfør skal nytta sin eigen brukar. Leverandøren er ansvarleg for å melda frå om nye brukarar slik at nødvendig tilgang kan etablerast.

Bruk av underleverandør fritar ikkje leverandøren frå krava til registrering og dokumentasjon i Bromlogger.

8 Dokumentasjon, fakturering og kontroll

Bromlogger skal vera hovudgrunnlaget for dokumentasjon av utført arbeid og kontroll av fakturerte timar. Fakturert arbeid skal som hovudregel kunna sporast til registrert aktivitet i Bromlogger.

Leverandøren er ansvarleg for at registreringane gir eit mest mogleg korrekt bilete av utført arbeid, mellom anna tidspunkt, aktivitet, rode og tidsbruk.

8.1 Manglande eller mangelfull registrering

Dersom eit oppdrag heilt eller delvis ikkje er registrert i Bromlogger på grunn av tekniske problem, brukarfeil eller andre forhold, skal leverandøren kunna dokumentera arbeidet på annan tilfredsstillande måte.

Dersom sjåføren ikkje har starta registreringa i Bromlogger, kan manglande spor ikkje etterregistrerast i systemet.

Slik dokumentasjon kan mellom anna vera:

- annan GPS- eller køyretøylogging
- manuell arbeids- eller timelogg
- bilete eller annan dokumentasjon med tidspunkt
- kommunikasjon med kommunen knytt til det aktuelle oppdraget
- annan dokumentasjon som Etne kommune vurderer som eigna

Ved teknisk driftsstans som gjer at Bromlogger ikkje kan nyttast, skal leverandøren dokumentera utført arbeid manuelt så lenge driftsstansen varer.

Leverandøren skal gi ei kort forklaring på kvifor arbeidet ikkje er korrekt registrert i Bromlogger.

Manglande registrering i Bromlogger medfører ikkje i seg sjølv at utført arbeid ikkje blir betalt, men leverandøren har ansvar for å sannsynleggjera og dokumentera det arbeidet som blir fakturert.

Dersom arbeidet ikkje kan dokumenterast på ein tilfredsstillande måte, kan Etne kommune avvisa den delen av fakturagrunnlaget som ikkje kan etterprøvast.

8.2 Fakturering

Leverandøren skal ta ut fakturagrunnlag frå Bromlogger for den aktuelle fakturaperioden. Fakturagrunnlaget skal nyttast som grunnlag for fakturaen og skal leggjast ved fakturaen.

Fakturerte timar skal samsvara med registrert tid i Bromlogger. Dersom arbeid unntaksvis er dokumentert på annan måte etter punkt 8.1, skal denne dokumentasjonen også leggjast ved eller på annan måte gjerast tilgjengeleg for Etne kommune.

Eventuelle avvik mellom registrert tid i Bromlogger og fakturert tid skal forklarast.

8.3 Kontroll og oppfølging

Etne kommune kan kontrollera fakturaen mot vedlagt fakturagrunnlag frå Bromlogger og eventuell annan dokumentasjon etter punkt 8.1.

Ved uklarheiter eller avvik kan kommunen be leverandøren om nærare forklaring eller dokumentasjon før fakturaen blir godkjend.

Gjentekne avvik mellom fakturert arbeid og dokumentert arbeid kan følgjast opp som avvik etter kontrakten.

9 Kommunikasjon, avvik og varsling

Leverandøren skal halda Etne kommune orientert om forhold som kan påverka gjennomføringa av oppdraget eller kvaliteten på vintervedlikehaldet.

Leverandøren skal varsla kommunen så snart som mogleg dersom det oppstår forhold som gjer, eller kan gjera, at krava i kontrakten ikkje kan oppfyllast. Dette kan mellom anna gjelda:

- maskinhavari eller mangel på nødvendig utstyr
- sjukdom eller mangel på personell
- ekstreme eller særleg krevjande vêr- og føreforhold
- forhold på vegnettet som hindrar eller vesentleg forseinkar arbeidet
- manglande eller forseinka brøyting eller strøying
- tekniske problem med Bromlogger eller annan dokumentasjon som påverkar registrering av utført arbeid
- skadar eller andre hendingar som kan få betydning for oppdraget

Varsling fritar ikkje leverandøren frå plikta til å setja inn nødvendige tiltak for å oppfylla kontrakten så langt det er mogleg.

Leverandøren skal utan ugrunna opphald retta avvik som kan rettast, og halda kommunen orientert dersom avviket ikkje kan rettast straks.

Etne kommune kan registrera og følgja opp avvik gjennom kontraktsperioden. Gjentekne eller vesentlege avvik kan bli følgde opp etter kontrakten sine føresegner om mislighald.

10 Skadar og ansvar

Leverandøren er ansvarleg for skadar som oppstår som følgje av utføringa av oppdraget, i samsvar med alminnelege erstatningsrettslege reglar.

Leverandøren er sjølv ansvarleg for skade på eigne køyretøy, maskiner, brøyte- og strøutstyr og anna eige utstyr.

Leverandøren er ansvarleg for skade som blir påført tredjeperson, kommunal eller privat eigedom som følgje av leverandøren si utføring av oppdraget.

Skadar på veg, kantstein, skilt, gjerde, bygg, parkerte køyretøy eller annan eigedom skal meldast til Etne kommune så snart som mogleg.

Som presisert i punkt 3, er leverandøren ansvarleg for å ha nødvendige og gyldige forsikringar for verksemda og det arbeidet som blir utført gjennom heile kontraktsperioden.

11 Klima- og miljøkrav

Leverandøren skal planleggja og gjennomføra oppdraget slik at unødvendig køyring, drivstoffbruk og miljøbelastning blir avgrensa.

Køyringa på tildelt rode skal planleggjast og gjennomførast på ein effektiv måte. Unødvendig køyring og gjenteken køyring på same strekning skal så langt som mogleg unngåast. Dette skal ikkje gå ut over krava til brøyting, strøying, rekognosering eller trygg framkomst.

Tomgangskøyring skal avgrensast til det som er nødvendig for utføringa av oppdraget, drift av utstyr og omsynet til tryggleik.

Rekognosering skal utførast når det er nødvendig for å vurdera vêr- og føreforhold og behovet for brøyting eller strøying. Rekognosering skal gjennomførast på ein effektiv måte og utan unødvendig køyring.

Strøying skal tilpassast dei faktiske føreforholda. Det skal ikkje nyttast større mengder strømiddel enn det som er nødvendig for å oppnå tilfredsstillande veggrep og trygg framkomst.

Maskiner og køyretøy som blir nytta i oppdraget skal haldast i forsvarleg teknisk stand. Lekkasjar av drivstoff, olje eller andre miljøskadelege stoff skal førebyggjast. Eventuelle utslepp eller søl skal handterast utan ugrunna opphald og meldast til Etne kommune dersom forholdet kan medføra miljøskade.